

Forsiktig vinter og aking

02.01.2017



Elevar frå 1. til 4. klasse var raskt på plass med aking og vinterleik.

Litt snø og sludd i dag gjorde at borna var kjapt framme med akebrettet og fekk eit lite inntrykk av vinter. Som ein del av prosjektet Gull av grus er det tilrettelagt for ein liten akebakke i arealet mot Geilo. I dag var det eit yrande liv på banen og nokre elevar hadde alt med utstyr for vinterleik.

Alt i morgen, tysdag, er det meldt regn og vind med styrke stiv kuling. Onsdag kan bli kald og fin, men så er det meir nedbør og vind i vente. Difor er det slik at dei, som vil nyitta det vesle som er av vinter, må vera raske, finna fram utstyr og koma seg ut i bakken.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal